

Saksbehandlar: Morten Røyrvik, Bygge- og eigedomstenesta
Sak nr.: 14/2734-1

SJH- sal av fylkeskommunen sine andeler i budeiehytte - Stondalen i Aurland

Framlegg til vedtak:

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

Sogn og Fjordane fylkeskommune sel sin andel på 11,9% i hytta på fellesstølen Stondalen i Aurland, til Einar og Gøril Lie. Total pris for hytta vert sett til 325 000 kr.

Vedlegg:

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Sogn Jord- og hagebruksskule er ein liten medeigar i fellesstølen Stondalen i Aurland. Fellesstølen hadde sin første sesong i 1979 og var eit samarbeidstiltak mellom 4 gardar, herunder Sogn Jord- og hagebruksskule. Skulen og då fylkeskommunen sin del er på 11,9% då utrekna eigardeler etter geitetal. Fellesskapet kjøpte i 1985 ei hytte for 125 000 kr som vart nytta til budeiehus. Kjøpesummen vart delt etter same eigardel.

Fylkeskommunen har fått ei henvending frå ein av partane, Einar og Gøril Lie, om å kjøpe ut dei 3 andre partane i hytta.

Dette er grunnen til at saka no vert fremma.

2. Vurderingar og konsekvensar

Sogn jord- og hagebruksskule nyttar ikkje dette område til stølsdrift lenger og treng då ikkje denne eigardelen. I samråd med skulen har derfor bygge- og eigedomsavdelinga ført samtalar med partane i saka. Partane er samde om å selje hytta til Einar og Gøril Lie som i dag er dei einaste av partane som driv stølsdrift på staden.

Det vart i 2013 teke ein takst på hytta der verdien vart sett til 500.000 kr.

I møte med partane 27.02.14, vart det drøfta at taksten kunne virka høg, sett i samanheng med at det er behov for oppgradering, samt at hytta er i eit område der det truleg vil vere få aktuelle kjøparar.

Partane drøfta seg fram til at 325 000 kr kunne vere ein høveleg pris for hytta. Den fylkeskommunale eigardelen utgjer då 38 675 kr (11,9%).

3. Konklusjon

Fylkesrådmannen vurderer det slik at fylkeskommunen ikkje har behov for denne eigardelen og tilrår derfor at den vert seld til Einar og Gøril Lie, slik alle partseigarane er samde om.